



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Likelydande brev
Sjå vedlagte liste

Dykkar ref

Vår ref
09/1626- TRS

Dato
24.04.2009

NOU 2009:3 På sikker veg - Høyring

Sjølv om Noreg er eit av dei landa i verda med størst tryggleik på vegane, er det framleis om lag 250 drepne og 1000 hardt skadde på norske vegar kvart år. Det er alt for mange og regjeringa har i St.meld. nr. 16 (2008-2009) *Nasjonal transportplan 2010-2019* lagt fram eit mål om at talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken skal reduserast med minst ein tredel innan 2020. For å få til ein slik reduksjon er det naudsynt med tiltak både på infrastruktur-, trafikant- og køyretøyområda, og desse tre områda heng også nøye saman. Gode og varige resultat i trafikktryggleiksarbeidet krev at alle aktørane har klart definerte roller og ei tydeleg ansvarsdeling. Vurderinga av organisering av tilsyn i vegsektoren er difor eit viktig ledd i arbeidet med å sikre at transportsystemet er tryggast mogleg.

Gjennom kongleg resolusjon nr. 11/2007-2008, godkjent i statsråd 30. november 2007, blei det sett ned eit offentleg utval for å greie ut behovet for oppretting av eit sjølvstendig tilsyn for veginfrastrukturen. Dersom utvalet tilrådde eit sjølvstendig tilsyn med veginfrastrukturen, skulle det også tilrå ansvarsområde, avgrensingar mot andre aktørar og utvalet skulle greie ut økonomiske og administrative konsekvensar av eit eventuelt tilsyn.

NOU 2009:3 *På sikker veg – Vurdering av eit sjølvstendig organ for tilsyn med veginfrastrukturen* blei overlevert samferdselsministeren 16. februar 2009.

Spørsmålet om å opprette eit eige vegtilsyn har også tidlegare vore oppe, mellom anna i NOU 2000:24 *Et sårbart samfunn* og i St.meld. nr. 17 (2002-2003) *Om statlige tilsyn*. Saka blei seinare politisk aktualisert blant anna gjennom raset i Hanekleivtunnelen på E18 i

Postadresse:
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon
22 24 90 90 / 22248301
Org. nr.:
972 417 904

Telefaks:
22 24 95 73

Saksbehandlar:
Thomas R Sollien
22 24 82 08

Vestfold 25. desember 2006 og oppfølginga av dette. Stortinget blei orientert om oppnemninga av eit slikt utval gjennom St.prp. nr. 68 (2006-2007) *Om ein del saker på Samferdselsdepartementet sitt område.*

Som det går fram av NOU 2009:3 tilrår eit fleirtal i utvalet at det blir etablert eit tilsyn i vegsektoren. Eit mindretal i utvalet tilrår at det ikkje blir etablert eit eige tilsynsorgan for veginfrastrukturen. Eit samla utval peiker på at ei løysing med to statlege tilsyn for trafikktryggleik, slik fleirtalet tilrår, ikkje er ideell. Samferdselsdepartementet vil difor be om høyringsinstansane si vurdering av eit tilsyn som dekkar heile sektoren, også trafikant og køyretøyområdet.

Ei eventuell oppfølging av tilrådingane frå utvalet vil krevje endringar i regelverk på ulikt nivå samt organisatoriske endringar. Før Samferdselsdepartementet eventuelt set i gang eit slikt arbeid vil departementet gjennomføre ei brei offentleg høyring av utgreiinga for å sikre at alle sider av saka er tilstrekkeleg vurderte.

Av dei mange spørsmåla som utvalet har sett på, vil Samferdselsdepartementet peike på nokre særskilte område det er viktig å vurdere i det vidare arbeidet. Dette gjeld følgjande:

- Utvalet si vurdering av at eit tilsyn med veginfrastrukturen må vere eit risikobasert systemtilsyn
- Utvalet sine vurderingar knytte til oppgåve- og ansvarsgrensene mellom eit vegtilsyn og dei andre aktørane i sektoren
- Utvalet sine vurderingar knytte til kven som er høvesvis tilsynsobjekt og pliktsubjekt (kven og kva tilsynet skal rette seg mot)
- Utvalet sine vurderingar knytte til sanksjonar eit vegtilsyn må ha til rådvelde
- Utvalet sine vurderingar knytte til ressursbruk med å etablere eit tilsyn med veginfrastrukturen og vurderingane av den alternative bruken av desse midlane
- Utvalet sine vurderingar knytte til samspelet mellom trafikant, køyretøy og infrastruktur og dei eventuelle utfordringane som dette vil gje om det blir etablert eit tilsyn for veginfrastrukturen.

Vi ber om innspel og kommentarar til heile rapporten, med særleg vekt på dei områda nemnde i dette brevet. Høyringsfrist er sett til **fredag 14. august 2009**. Vi ber høyringsinstansane sjølv vurdere trongen for å leggje fram saka for underliggjande instansar eller andre, i den grad desse ikkje er med på høyringslista.

Grunna talet på høyringsinstansar ber vi om at rapporten blir lasta ned frå heimesidene til Samferdselsdepartementet: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dok/hoeringer>. Her finst også lista over høyringsinstansane i saka.

Vi vil be om at eventuelle fråsegner også blir sende departementet på e-post:
postmottak@sd.dep.no

Med helsing



Ola Brattegard e.f.



Thomas R Sollien

Liste over høyringsinstansar:

DEPARTEMENTER:

Alle departementer

DIREKTORATER:

Direktoratet for arbeidstilsynet
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
Kystverket
Politidirektoratet
Sjøfartsdirektoratet
Statens forureiningstilsyn
Vegdirektoratet

Serviceboks 2
Postboks 8051 Dep
6025 ÅLESUND
0031 OSLO

Postboks 8142 Dep
0033 Oslo

KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR:

Alle fylkeskommunar
Alle kommunar

ØVRIGE:

Akademikerne
Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund
Avinor
Bilbransjeforbundet
Byggenæringens Landsforening
Datatilsynet
Direktoratet for naturforvaltning
Entreprenørforeningen - Bygg og Anlegg
Forbrukerombudet
Forbrukerrådet
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Jernbaneverket
Kongelig Norsk Automobilklub
Konkurransetilsynet
KS - Kommunesektorens interesse- og arb.giverorganisasjon
Landsforeningen for Trafikkskadde

Postboks 144 Manglerud
Postboks 150,
Postboks 2804 Solli
Postboks 7187 Majorstuen
Postboks 8177 Dep
Tungasletta 2
Postboks 5485 Majorstuen
Postboks 4597 Nydalen
Postboks 4594 Nydalen
Postboks 4568 Nydalen
Postboks 1162 Sentrum
Postboks 2425 Solli
Postboks 8132 Dep
Postboks 1378 Vika
Postboks 4258 Nydalen

0612 OSLO
2061 Gardermoen
0204 OSLO
0307 OSLO
0034 OSLO
7485 TRONDHEIM
0305 OSLO
0404 OSLO
0404 OSLO
0404 OSLO
0107 OSLO
0201 OSLO
0033 OSLO
0114 OSLO
0401 OSLO

Landsorganisasjonen i Norge	Youngs gate 11	0181 OSLO
Lastebileiernes Forening	Maridalsveien 10	0178 OSLO
Logistikk- og Transportindustriens Landsforening	Postboks 5489 Majorstuen	0305 OSLO
Maskinentreprenørenes Forbund	Fred Olsens g 3	0152 OSLO
Motorførernes Avholdsforbund	Postboks 80 Alnabru	0614 OSLO
NMCU	Postboks 351	1502 MOSS
Norges Automobil Forbund	Postboks 6682 Etterstad	0609 OSLO
Norges Bonde- og småbrukarlag	Øvre Vollgate 9	0158 OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135 OSLO
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134 OSLO
Norges Lastebileier-Forbund	Postboks 7134 St. Olavs plass	0130 OSLO
Norges Naturvernforbund	Postboks 342 Sentrum	0101 OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115 OSLO
Norges Taxiforbund	Postboks 6754 Rodeløkka	0503 OSLO
Norges Turbileierforbund	P.boks 380 Økern,	0513 OSLO
Norges Velforbund	Nedre Vollgt. 5-7, 0158 Oslo	0158 Oslo
Næringslivets Hovedorganisasjon NHO	Postboks 5250 Majorstuen	0303 OSLO
Opplysningsrådet for Veitrafikken	Postboks 2700 Solli	0204 OSLO
Post- og teletilsynet	Postboks 447 Sentrum	0104 OSLO
Rådgivende Ingeniørers Forening	Essendrops g 3	0368 OSLO
SINTEF		7034 TRONDHEIM
Statens Havarikommisjon for Transport		
Statens råd for likestilling av funksjonshemmede	Postboks 7075 St Olavs plass	0130 OSLO
Stortingets ombudsmann for forvaltningen	Postboks 3 Sentrum	0101 OSLO
Syklistenes Landsforening	Postboks 8883 Youngstorget	0028 OSLO
Trafikkforum AS	Postboks 83	2021 SKEDSMOKORSET
Transportbedriftenes Landsforening	Postboks 5477 Majorstua	0305 OSLO
Transportbrukernes Fellesorganisasjon	Postboks 5494 Majorstuen	0305 OSLO
Transportøkonomisk institutt	Gaustadalleen 21	0349 OSLO
Trygg Trafikk	Postboks 2610 St Hanshaugen	0131 OSLO
Unio		
YS		